

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 22/00086
Saksbehandler Knut Haugen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	04.02.2022	4/22
2 Hovudutval for oppvekst	03.02.2022	3/22
3 Kommunestyret	10.02.2022	2/22

Todalen barnehage - vurdering av behov / kriterier for evt. re-opning på kort / mellomlang sikt

Kommunestyret har behandlet saken i møte 10.02.2022 sak 2/22

Forslag

Jorid Johansen Aarvåg sette fram kommunedirektøren si innstilling.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart sett opp mot forslaget frå Jorid Johansen Aarvåg.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 19 (SP, FrP, MDG, SV og H) mot 8 stemmer (AP).

Kommunestyrets vedtak

1. Todalen barnehage skal vere eit søknadsalternativ for barnehageåra 2022/2023 og 2023/2024, på lik linje med dei andre barnehagane i kommunen. Dersom antal søknader tilsvarer minst 10 plassar ved hovudopptaket i 2022 eller 2023, skal barnehagen reopne frå hausten det same året.
2. Administrasjonen sørger for å informere innbyggjarar / foreldra om tidlegare vedtak, søknadsprosess og evt. nytt vedtak som gjeld barnehagesituasjonen i Todalen.
3. Det er viktig å finne gode løysingar i samarbeid med folket i Todalen for barnehage, barnehagebygget, uteområdet og skulebygningane.